



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Berit Inger Rygg  
Telefon: 57 64 31 09  
E-post: fmsfbry@fylkesmannen.no

Vår dato  
17.04.2015  
Dykkar dato  
27.02.2015

Vår referanse  
2015/843 - 610  
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

### **Høyring om endring av foreldrebetaling. Innføring av gratis kjernetid for foreldre med låg inntekt.**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gått gjennom høyringsnotatet datert 27.02.2015. Fylkesmannen støttar Kunnskapsdepartementet si grunngjeving for innføring av 20 timar gratis kjernetid for foreldre med låg inntekt.

Fylkesmannen støttar desse punkta i høyringsnotatet:

- foreldre må søke om gratis kjernetid for eitt år om gangen
- kostpengar kjem i tillegg
- ordninga med syskenmoderasjon held fram slik som i dag
- stortinget fastset grensa for inntekt

Fylkesmannen meiner det skal vere husholdinga si samla kapital og personinntekt som skal leggest til grunn, dokumentert med siste års sjølvmelding. Ordninga må vere enkel å handtere både for den som søker og barnehageeigar. Skal inntektsgrunnlaget vere basert på forsørgjar si inntekt, med eit påslag for ny sambuar, vil utrekningsmodellen bli komplisert og føre til eit meirarbeid for barnehageeigar.

I høyringsutkastet er det lagt opp til at ordninga ikkje skal føre til økonomisk meirkostnad for kommunane. Fleire kommunar i Sogn og Fjordane har ein stram kommuneøkonomi som også råkar barnehagane. Det blir difor viktig å sikre at statleg overføring står i samsvar med den reduksjon i foreldrebetaling som gratis kjernetid vil utgjere, for både kommunale og –ikkje kommunale barnehagar.

Kunnskapsdepartementet legg opp til 1. august som verknadsdato for endringa. På bakgrunn av tilbakemeldingar i møte med fleire kommunar ber vi om at dato blir endra.

- tidsaspektet, det vil ta tid før høyringa er handsam ferdig til kommunane får melding, og kan gjere nødvendige endringar for å sette i verk ordninga, som til dømes endring av vedtektene
- kommunane skal legge til rette for ein god prosess både med informasjon og handtering av ordninga. I tillegg få oversikt over kostnader og kompensasjon frå staten

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar desse synspunkta.

Med helsing

John Ole Vange  
utdanningsdirektør

Berit Inger Rygg  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*